



Una Kolle vil kjempa for skulen (Foto: Marte Rostvåg Ulltveit-Moe)

– Dette kom bardust og nokså overraskande på meg, og etter som eg ikkje har fått snakka med nokon av dei andre i styret enno, blir dette mi personlege oppfatning av saka.

Det sa leiar i Herøysund Bygdalag, Una Kolle til *HusnesNett* i går kveld etter at ho var blitt kjent med at styret i Uskedal Utvikling støttar rådmannen sitt forslag om å overføra elevane frå Bringedalsbygda skulekrins til Uskedalen.

– Vi ønskjer å behalda skulen vår slik han er, seier Kolle til *HusnesNett*. Ho meiner det er eit privilegium å kunna bu på ein plass som Herøysund og ha barna på ein liten og oversiktleg skule.

Det er i samband med dei vedtekne endringane av skulestrukturen i Kvinnherad at styret i Uskedalen Utvikling rår til at skulane i Herøysund og Uskedalen blir slegne saman. Fristen for å koma med innspel i saka går ut idag.

Ønsket frå dei aller fleste i Herøysund om å få behalda skulen slik han er, har blant anna med overgangen frå barnehage til skule å gjera. Den er trygg og fin, seier Kolle.

Ho viser til det gode samarbeidet mellom skulen og barnehagen, og som gjer at barna får ein god start på skulelivet. Forsking viser også at samarbeid skule/heim er best når skulen ligg i bygda. Eit anna viktig poeng i denne saka er også at dei aller fleste barna i Herøysund kan gå til og frå både skule og fritidsaktivitetar. Dette fører til meir fysisk aktivitet i høve til å måtta bli kjørte til og frå Uskedalen.

– Vi meiner dessutan at nedleggjing av skulen i Herøysund på sikt vil føra til nedleggjing av fritidstilbod i bygda, og det er ikkje positivt for bygda vår, seier Una Kolle.

I fråsegna som Herøysund Bygdalag sender til kommunen i dag peikar dei på at det vil bli mindre attraktivt å busetja seg i Herøysund dersom skulen vert lagt ned. Bygdalaget er dessutan ikkje einig i Uskedalen Utvikling sin påstand om at begge bygdene vil bli meir attraktive ved ei samanslåing av skulane.

– Vi meiner det må vera Uskedalen som i så fall vil tena på dette, ikkje Herøysund, seier Kolle. Ho forstår at Uskedalen gjerne vil behalda og styrkja sin eigen skule, men det må ikkje skje på bekostning av dei som ønskjer å la ungane sine gå på skule i eiga bygd.

Kolle stiller også spørsmål ved kostnadene for oppgradering og utbyggjing av Uskedal skule for å gje plass til elevane frå Herøysund.

– Er det fornuftig bruk av kommunen sine pengar å bruka åtte millionar kroner ekstra til utbyggjing i Uskedalen, i tillegg til dei 15 millionane til oppgradering som alt er vedteken, når vi har ein skule som er godt vedlikehalden og fungerer godt i Herøysund? spør leiaren i bygdalaget.

– Men kommunen må spara pengar, korleis skal politikarane få til det når så å seia alle er imot endringar i skulestrukturen?

– Vi trur ikkje på at det er noko å spara på ei samanslåing av skulane i Herøysund og Uskedalen. Sjå til Halsnøy for eksempel, dei skulle spara pengar der òg, men kommunen har ikkje spart ei einaste krone på å byggja ein ny stor skule, snarare tvert imot. Ei endring i skulestrukturen bør dessutan ikkje gjerast på grunnlag av økonomi. Det må eventuelt gjerast utifrå kva som er best for barna i høve til det fysiske og pedagogiske læringsmiljøet

Av Kristian Hus